



## BONDEUNGDOMSLAGET I OSLO



# ÅRSMELDING

BUL 125 år



2024



# INNHOLD

---

## INNHOLD

	SIDE
1. Innleiing	3
2. Medlemmer	4
2.1 Medlemstal	4
2.2 Medlemsfordeling	4
3 Kultur- og idrettsaktivitetane	5
3.1 Særlaga	5
3.2 Tilskipingar og andre hendingar i laget	8
3.3. Aktivitetskalender 2024	10
4. Informasjonsarbeid	11
5. Eigedommar og drift	11
6. Økonomi og forretningsdrift	13
7. Tilsette på lagskontoret	14
8. Valde ombod i og for BUL	15

Bilete på framsida frå toppen: (1) Brusteinball. Foto: Thor Hauknes (2) Natt på BUL. Foto: Anders Stensland Olsen (3) Barneløpet. Foto: Samuel HafsaHL (4) Teaterlaget sitt vinnarbilde i "Kven veit". Foto: Teaterlaget (5) Songlaget sin julekonsert. Foto: Geir Juell Skogseth.

Til venstre: Sentrumsløpet. Foto (skjembilde frå dronevideo): Vaffel og Film.

Neste side: Brusteinball. Foto: Thor Hauknes.

# 1. INNLEIING

---

I 2024 feira Bondeungdomslaget i Oslo (BUL) 125 år som organisasjon med mange jubileumstilskipingar. Vi hadde eksterne arrangement som forfattarkveldar og teater, og meir interne samankomstar, slik som hytteturar og jubileumsfestar.

I særlega var aktivitetsnivået høgt, og medlemstalet i 2024 er til nå, det høgaste på 2000-talet. Ein av grunnane er den auka interessa for folkedans og Leikarringen, men også Songlaget har auka rekrutteringa, og Idrottslaget har klart å lage meir plass i barnegruppene sine.

Hytteblei hyppig utleigde i 2024. Bondehytta opprettheldt besøksstatistikken frå 2023, og Røkleivhytta var, som før, ofte utleidt i helgene. Vi hadde mindre utleige i Teatersalen enn dei siste åra og er tilbake på eit nivå meir tilnærma før pandemien.

Gjennom året sende BUL ut nyheitsbrev og var aktive i sosiale medium. Alle særlega heldt dei sosiale kanalane sine godt oppdaterte. Fleire sende også ut eigne nyheitsbrev.

Økonomisk sett budsjetterte vi i 2024 med eit høgare underskot enn vanleg for å kunne bruke pengar på jubileumsåret. Vi hadde ein deltidstilsett som jobba med jubileet og vi hadde mange tilskipingar, men dei fleste blei mindre kostbare enn budsjettert. Året bar likevel preg av høg prisvekst i samfunnet, som også påverkar BUL. I bedriftene våre var det samla sett eit bra år, spesielt for hotellet.

På Lagskontoret var det seks tilsette halve året, der to jobba utelukkande for Idrottslaget og éin med jubileet. I august tilsette Idrottslaget ein person i 50 % stilling. Samla sett har alle stillingane på lagskontoret utgjort 5 årsverk, der 2,5 av dei er i Idrottslaget.






## 2. MEDLEMMAR

### 2.1 Medlemstal\*

MEDLEMSTAL	2024	2023	2022	2021	2020
BUL Samla	882	798	697	661	712
Idrottslaget	528	476	458	449	487
Leikarringen	237	212	152	127	140
- av desse i BULder og TrøBUL	17	18	22	18	19
Songlaget	51	50	32	27	28
Teaterlaget	22	27	23	21	24
Ikkje med i eit særlag	45	43	49	45	63

\*Betalande medlemmer, samt livsvarige og heidersmedlemmer per 31.12.

### 2.2 Medlemsfordeling



# 3. KULTUR- OG IDRETTSAKTIVITETANE

## 3.1 Særlaga

### Idrottslaget

Idrottslaget har hatt eit aktivt år. I februar reiste 25 utøvarar til NM innandørs i Steinkjer. Til UM innandørs i Sandnes i mars, sende klubben 20 utøvarar.

Sentrumslopet gjekk av stabelen 27. april. Påmeldingstala var svært gode og både 10 og 5 km blei 'utselde' dagen før løpet. Påmeldingstalet enda på 12.928. Det var eit vellykka arrangement.

I sommarhalvåret deltok IL i BUL på mange store konkurransar og meisterskap, m.a. NM i terrengløp kort løype, Holmenkollstafetten, Nordisk Meisterskap, Vivil-lekene, Bislett Games, NM Junior, NM stafettar og Noregsmeisterskapet. Lene Retzius representerte Noreg under OL i Paris. Andrea Modin Engesæth i EM terrengløp i Tyrkia. Weldu Negash Gebretsadik, Kasper Sagen og Lene Retzius deltok i EM i Roma.

På friidrettsskulen var det om lag 115 påmelde - ein liten nedgang frå året før.

BVT-gruppa sine fotballag deltok i stjerneligaen og på Landsturneringen i Bodø.

Handball og BUL UNG hadde også vektentleg aktivitet og handballaget var med i Rema 1000 Hjerteligaen.

Idrottslaget bidrog med frivillige og arbeidskraft på Bislett Games i mai og KK-mila i september.

Idrottslaget arrangerte Ungdomsmeisterskapet i friidrett, saman med SK Vidar, på Bislett Stadion 30.8.-1.9., med heile 783 deltakrar. Eit vellykka arrangement der klubben tok 9 gull, 4 sølv og 2 bronse på heimebane.

Julestemnet Idrottslaget arrangerte i Bærum i november var vellykka og med gode resultat for BUL. Det var 437 påmelde deltakrar, litt ned frå 2023.

Magnus Kringstad blei tilsett i ei 50 % stilling som sportsleg leiar i august.



Treningsleir i Torremolinos. Foto: IL i BUL

### Teaterlaget

Teaterlaget har hatt faste øvingar på måndagar og har som vanleg sett opp to produksjonar i løpet av året.

Den 1.-7. juni spelte dei farsen *Rett i lomma* av Michael Cooney, med Fredrik Elfstrand som instruktør. I denne fartsfylte og populære farsen møter vi Erik Bruun, som har svindla trygdesystemet ved å dikte opp ein masse leigebuarar med den eine skavanken verre enn den andre. Når trygdeinspektør Fylking bankar på døra for å sjekke forholda, startar ein enorm og stadig meir komplisert operasjon for Bruun, i eit håp om å unngå å bli avslørt.

Framsyninga var særstak populær og hadde dei høgaste besøkstala sidan 2017.

Hausten 2024 stilte Teaterlaget dei første fire måndagsøvingane sine til disposisjon for å øve inn jubileumsframstykkinga *Natt på BUL: Ungdomsmøte*. Framstykkinga blei synt for publikum under Oslo Kulturnatt 13. september. Mange frå Teaterlaget var med som skodespelarar og/eller hjelpte til med kostyme og scenografi.

30. november - 5. desember synte Teaterlaget klassikaren *Rasjonelt fjøsstell* av Hulda Garborg. I høve 125-årsjubileet, sette Teaterlaget både opp originalmanuset og Olaug Nilssen si moderniserte omarbeidning. Publikum fekk sjå begge versjonane - og korleis historia og tematikken både utvikla og gjentok seg. Mari Elise Haugen var instruktør.

Teaterlaget deltok på «Kven Veit», og gjekk av med sigeren der. På jubileumsfesten "Hurra for BUL" bidrog dei med songinnslag og leiar Endre Flatmo heldt tale.



Rasjonelt Fjøsstell. Foto: Teaterlaget

## Songlaget

Songlaget hadde i 2024 eit godt og aktivt år. Både musikalsk, og med ein stabilt høg medlemsmasse og veldig god stemning i koret. Det er god kjemi mellom koret og dirigent Knut Kristian Mohn. Sidan han tok over den musikalske leiinga i 2020, har koret utvikla seg til å bli eit kor av ein endå høgare standard med eit høgt musikalsk nivå.



Songlaget sin julekonsert. Foto: Geir Juell Skogseth.

Hovudfokus i 2024 var 110-årsjubileet til Songlaget og BUL sitt 125-årsjubileum.

Vårsemesteret starta roleg med songinnslag på kick-off for BUL 125 år i februar, og konsert på Brusteinsballet 17. mai. Songlaget avslutta vårsemesteret med ein utekonsert på Nedre Blindern Gård, "Tonar på tunet", i juni.

Hausten blei travlare. Mellom anna hadde koret kombinert seminar og jubileumstur/fest på Granavolden Gjæstgiveri. Dette var svært vellykka.

I oktober song Songlaget på bursdagsfesten til BUL og etterpå starta den hektiske oppkjøringa til jubileumskonserten i Universitetsaulaen 6. desember. Denne dagen blei Songlaget 110 år. Konserten var ein stor suksess, både musikalsk og basert på publikumstal og tilbakemeldingar.

## Leikarringen

Leikarringen hadde eit svært aktivt år i 2024, med auke i medlemstalet. I samfunnet generelt kan vi sjå ei aukande interesse for norsk folkedans og -musikk, og stadig fleire finn vegen til Leikarringen i BUL. 492 unike personar var innom tysdagsøvingane kl. 19.30-21.30 i løpet av året, mot 402 i 2023. Inkluderer vi alle dansegruppene, så er talet godt over 500.



17. mai – Brusteinsball. Foto: Thor Hauknes.

17. mai sette Leikarringen ny rekord i tal på glade Leikarring-folk som dansa på Karl Johan om morgonen. Dei var også med på å arrangere Brusteinsballet, som er ein fast tradisjon.

16.-21. juli, var det NORDLEK-stemne i Arendal. Leikarringen møtte med nesten 100 medlemmar. Under Landskappleiken på Gol 26.-30. juni, stilte Leikarringen med tre fulle lag. Det kan vere maks 20 stykk på kvart lag. Oslokappleiken gjekk av stabelen 12. oktober, og Leikarringen deltok med to lag.

Leikarringen var nominert til Folkelarmpisen for Årets Arrangør, og endte på topp tre blant finalistane. Riksscenen – Tuvas Blodklubb gjekk av med sigeren.



Leikarringen-folk på dansekurs under NORDLEK.  
Foto: Thor Hauknes.

## Mål arbeid

Målnemnda i BUL var medarrangør på Norsk målstemna, der det blei arrangert eit Olav Nygard-seminar på Litteraturhuset i september.

I 2024 var det 100 år sidan Kristiania skifta namn tilbake til Oslo. Ei historisk målsak vi markerte med mellom anna ein kronikk i Dagsavisen og ein SoMe-kampanje, der vi la ut bilete av kjente personlegheiter med ein *Hurra for 100 år med Oslo*-plakat.

Vi held framleis tilnærma all ekstern informasjon på nettsider og sosiale medium på nynorsk. Særlega gjer dette i stor grad sjølv, medan lagskontoret styrker Idrottslaget i dette arbeidet.

I år valde BUL å be Noregs Ungdomslag om å representere oss i Nynorsk forum, ettersom vi ikkje har deltatt aktivt der dei siste åra.



Bilete tatt ism. Oslo/Kristiania-markering.  
Foto: BUL/Stortinget.

## 3.2 Tilstkipingar og andre hendingar i laget

I 2024 har BUL gjennomført og vore medarrangør på mange tilskipingar, fleire av dei knytte til 125-årsjubileet.

I januar syntet Den Mangfaldige Scenen (DMS) og BUL *Ein dag i Nynorskens hus*, ei vandreteaterframsyning om norsk språkhistorie under Den kulturelle skolesekken. Dette er del 1 av 2 i konseptet *Møt Nynorskens hus*, eit tilbod til alle 6. klassingar i Oslo. Tilboden starta i 2020, og det er stas at 800–900 skuleelevar kjem på besøk.

Fleire BUL-lag deltok på *Kven Veit?* frå januar til mars. Teaterlaget stakk av med sigeren nasjonalt og vann også bildekonkurransen,

Jubileumsåret blei sparka i gang med "No BULdrar det laus" den 28. februar, der vi informerte om jubileumsåret. Vi serverte kake, hadde quiz, og Songlaget stilte med korsong.

Den 10. april skipa BUL og samarbeids-partnarar til Jakob Sande-kveld i Teatersalen. Nærmore 300 kom på denne gratiskvelden. På programmet stod det mellom anna føredrag med Ove Eide, musikkinnslag av Astera, Sigrid Felde og Bygdelagskoret Blåne, kunstnariske innslag frå DMS, Jakob Sande-senteret for forteljekunst og BUL, allsong med Ingvild Bryn og samtale om forteljekunst.

I april var vi som vanleg opptatt med Sentrumsløpet. Sentrumssprinten blei tatt ut av arrangementet, men elles gjennomførte vi på same måte som dei siste åra.

17. mai blei feira med at Leikarringen dansa opp Karl Johan på morgonen og kl 18.14 var det duka for Brusteinball på Universitetsplassen.

I løpet av sommaren drog BUL på tur til Røkleivhytta og Bondehytta. På turen til Røkleivhytta var det litt ruskevær, men stemninga var god, med vaflar, quiz og spel/leik inne. På Bondehytta var været betre, og også her blei det vaflar og spel. Vi hadde håpa på betre oppmøte, men dei som var med, fekk ei god oppleveling.

På Kulturnatt 13. september hadde BUL urpremiere på *Natt på BUL: Ungdomsmøte*, ei nyskriven framsyning om historia til BUL, av Maria Austbø og Mari Elise Haugen. Skodespelarane var frå Songlaget og Teaterlaget. I publikum var det både BUL-medlemmer og eksterne, og vi fekk tilbakemelding om at stykket var både underhaldande og lærerikt.



Den 12.10. feira vi 125-årsdagen til BUL i Teatersalen. Om lag 60 stykk var med som gjester, og vi hadde framsyningar av Songlaget, Teaterlaget og Leikarringen. Festen var samtidig som Oslokappleiken, så vi sette stor pris på at nokre frå Leikarringen tok seg ein pause frå kappleiken for å danse for oss. Inger Johanne Sæterbakk møtte frå Det Norske Teatret. Det var ei fin feiring med Jens Kihl som konferansier, talar, musikalske innslag, sofasamtale og buffé frå Kaffistova.



Ni tidlegare leiarar på Hurra for BUL 12. oktober:  
Ø.f.v.: Vidar Lund, Terje Svindseth, m.f.v.: Kari Bjørke, Sølvi Kaupang Paulsen, Sveinung Helgheim, Olav Kårevik. N.f.v.: Edvard Lauen, Atle Faye og Arne Nordvi. Foto: BUL



Song frå Natt på BUL: Ungdomsmøte, vist fram på Hurra for BUL. Foto: BUL

I slutten av oktober gjentok vi suksessen frå Jakob Sande-kvelden og arrangerte ein Halldis Moren Vesaas-kveld. Ho hadde sin forfattardebut samstundes som Jakob Sande, for 95 år sidan. På programmet var det føredrag av Olav Vesaas, musikkframføringar, kunstnariske innslag, diktlesing, samtale og allsong.

Julegrauten 11. desember hadde i overkant av 100 påmelde og som før hadde vi graut, quiz, julenis og godteri. Nytt for året, og i samband med 125-årsjubileet, hadde vi også juleverkstad i Lagsrommet. Dette var ein stor suksess, og mykje fin pynt blei laga. Heile laget var invitert, medan flesteparten av deltakarane var barn og unge frå Idrottslaget.



Juleverkstad i Lagsrommet. Foto: BUL

I samband med 125-årsjubileet, fekk vi ein stol i salen til Hovudscenen i gáve frå Det Norske Teatret. Gáva blei annonsert av Inger Johanne Sæterbakk på jubilumsfesten. Saman med dei to stolane vi kjøpte under DNT sin Tett Gapet-kampanje, så har BUL nå namnet sitt på tre stolar.



Astrid M. Grov og Erik Ulfsby framfor stolen vi fekk i gáve. Foto: Ole Herman Andersen, DNT

## 3.3 Aktivitetskalender 2024

Under er ei oversikt over tilskipingar i regi av BUL med særlag, arrangement der særlaget har vore medarrangør, og andre arrangement BUL har deltatt på i våre lokale.

Tilskipingar i **utheva skrift** er i regi av BUL, i *kursiv* er arrangement der BUL har vore medarrangør.

### Januar

- 8.-26.** *Ein dag i Nynorskens hus (DMS og BUL)*  
**30.** *Første runde av Kven Veit? (NU)*

### Februar

- 20.** *Andre runde av Kven Veit? (NU)*  
**28.** **No BULdrar det laus**

### Mars

- 12.** *Tredje runde av Kven Veit? (NU)*  
**20.** **Årsmøte BUL**

### April

- 10.** *Jakob Sande-kveld (BUL/Jakob Sande-senter for forteljekunst/DMS/ Samlagsrota/Oslo Mållag med fleire)*  
**22.** **ASICS Sentrumsløpet (Idrettslaget)**

### Mai

- 17.** **Dans opp Karl Johan (Leikarringen / BULder og Brak / Oslo kommune)**  
**17.** **Brusteinsball (Leikarringen og Songlaget)**  
**30.** *Bislett games (Bislettalliansen/Idrettslaget)*

### Juni

- 1.-7.** **Rett i lomma (Teaterlaget)**  
**13.6.** **Tonar på Tunet (Songlaget)**  
**16.** **BUL på tur: Røkleivhytta**



Sofasamtale på Hurra for BUL. Foto: BUL

### August

- 13.** **BUL på tur: Bondehytta**  
**31.8.-1.9.** *Ungdomsmeisterskapet i friidrett (Idrettslaget/SK Vidar)*

### September

- 7.** *Olav Nygard-seminar (Målnemnda/Høgnorskringen/Norsk Måldyrkingslag)*  
**13.** **Natt på BUL: Ungdomsmøte**

### Oktober

- 12.** **Hurra for BUL. Fest i Teatersalen.**  
**15.** **BUL sin bursdag, 125 år.**  
**30.** *Halldis Moren Vesaas-kveld (BUL/DMS/Vikværingen/Oslo mållag/Samlagsrota/Vinjesenteret)*

### November

- 30.** **Julestemne (Idrettslaget)**  
**30.11.-** **Rasjonelt Fjøsstell (Teaterlaget)**  
**5.12.**

### Desember

- 6.** **Jubileumskonsert (Songlaget)**  
**11.** **Julegraut i Teatersalen**



Jakob Sande-kveld. Foto: BUL

## 4. INFORMASJONSARBEID

Vi starta tidleg i 2024 med promotering av jubileumsprogrammet og inviterte også til ein kick-off for å fortelje om dette. Vidare brukte vi nettsidene, nyheitsbrev, Facebook og utsendingar via Styreweb til å informere om hendingane. Responsen var variert. Hendingar som også var opne for eksterne, slik som Jakob Sande- og Halldis Moren Vesaas-kveld, vekte stor interesse. Interne hendingar som t.d hyttetur, vekte ikkje veldig stor interesse hos medlemsmassen. Vi er likevel nøgde med oppmøtet på dei fleste hendingane, og med at dei som møtte, koste seg.

Særlaget har vore aktive på sosiale medium og får god respons. Spesielt Songlaget har hatt auka aktivitet på sosiale medium i 2024.

Idrettslaget heldt fram med strukturert promotering for Sentrumsløpet, som t.d. kampanjar i SoMe, på Google og skjermar på treningscenter. Dette ser ut til å ha fungert, men det er også nyttig at vi ser ei løpebølgje i samfunnet.



Songlaget i BUL valde ei personleg linje på sosiale medium i 2024 der dei presenterer kormedlemmar.

## 5. EIGEDOMMAR OG DRIFT

### Lagslokala i Rosenkrantz' gate 8

Lokala våre i Rosenkrantz' gate 8 blei hyppig brukte i 2024. Lagsaktiviteten er framleis ekstra høg etter at Leikarringen i 2023 starta ei ny gruppe (Framsynningsringen), og dei har no også sett i gang med nybegynnarkurs. Teaterlaget fekk halde fram med å bruke salen i større grad enn tidlegare år under framsyningane sine. Idrettslaget brukte R8 meir enn før i samband med løpeøkter, og BUL nyttar romma fleire gonger dette året til jubileumsarrangement. Den Mangfaldige Scenen har hatt sin vanlege aktivitet. Vi har halde eitt planleggingsmøte i semesteret for å koordinere aktiviteten.



Fra Pinocchio av DMS som blei vist på del to av Møt Nynorskens hus i februar. Foto: DMS.

Vi hadde planar om å pusse opp foajeen i sommar, men fordi brannkonsulentane ønskte ytterlegare utgreiing, spesielt av akustikksprayen vi ville bruke, måtte vi utsette. I samband med oppussinga hadde vi inne ein interiørarkitekt som utforma designskisser, og vi hadde synfaring med akustikkelskap, målarar og handverkarar. Mykje av dette vil også vere nyttig når vi set i gang med arbeidet igjen sommaren 2025.

Vi har søkt om, og fått innvilga, om lag 100.000 frå Kulturrom i 2024 og difor kunna kjøpe inn nytt lyd- og lysutstyr til Teatersalen.

## Røkleivhytta

Hytta var utleigd 41 døgn og hadde om lag 500 besøkande, litt auke frå i fjar. Legeinntektene for 2024 ligg på 86.500 kroner.

Røkleivhytta hadde open dag i juni i samband med jubileet. Styret serverte vaflar, frukt og kaffi.

2024 var eit travelt år for hyttestyret, med stadig nye tekniske utfordringar med varmeanlegget, vasspumpa og liknande. Dette er store ting som kravde organisering av fagfolk og mange ekstra turar til hytta, i tillegg til dei vanlege synfaringane etter utleige.

### Styret i Røkleivhytta

Leiar: Tormod Bønes. Styremedlemmer:

Olaf Almenningen, Sveinung Helgheim og Vigdis Rønning.



BUL på tur: Røkleivhytta. Foto: BUL

## Bondehytta

På Bondehytta har den auka utleiga frå 2023 halde fram, og dei hadde legeinntekter på om lag 30.000 kroner, samanlikna med 23.000 kroner året før. Utleigedøgn ligg på rundt 20.



BUL på tur: Bondehytta- Foto: BUL

Det er kjekt å sjå at Bondehytta har blitt interessant for fleire. Samstundes er ikkje målet at utleiga skal auka drastisk, for det har ikkje hyttestyret kapasitet til.

I august hadde vi open dag på Bondehytta, som ein del av jubileumsprogrammet. Styret stod for serveringa og vi fekk ein fin og triveleg tur i godt vær.

### Styret i Bondehytta

Leiar: Rune Bergwitz. Styremedlemmer: Klas Ekeland og Anne Cathrine Johansen.

I langtidsplanen vedtatt i 2024 står det at BUL skal vurdere framtida til begge hyttene. Å drifta slik vi gjer det i dag, er ikkje berekraftig i lengda.

## **Utleige Teatersalen og Lagsrommet**

Lokala våre var utleigd litt mindre enn dei føregåande åra, og det kjem mest av at dei ofte står tomme på dagtid. Dette prøver vi å gjere noko med. I haust brukte vi Facebook-reklame for å promotere utleige av salen, og det kan sjå ut som det har generert noko auka interesse. Likevel er det klart kveld og helg som er mest attraktivt. Lagskontoret har sett opp faste prisar for bruk av salen, ettersom det ofte kjem førespurnader om gratis/billig bruk.

Det er ein del faste som har halde arrangementa sine her også i år, til dømes Engegårdkvartetten sin 123-festival, som i 2024 tok føre seg Mendelssohn.

Vi har elles hatt brei variasjon i leidgetakrar, alt frå konsertar og framsyningar til dåp og konfirmasjon.



Blåne øver til konsert i salen desember 2024. Foto: Instagram: @dopey\_monkey\_music

## **6. ØKONOMI OG FORRETNINGSDRIFT**

BUL hadde i 2024 inntekter på om lag 1,66 millionar kroner før renteinntekter, og kostnadar på om lag 6,4 millionar kroner. Vi har fått likviditetsoverføringer på 4,5 millionar kroner frå Bøndenes hus der om lag 2,37 millionar kroner var renteinntekter.

Vi hadde sett opp eit budsjett med eit høgt underskot i 2024 ettersom vi planla å bruke om lag 275 000 kroner på jubileet (ekskl. lønn til Mari E. Haugen). Vi enda opp med å bruke mykje mindre, om lag 150 000. Ein av grunnane var påmelding/oppmøte, men også fordi enkelte hendingar, slik som Kulturnatt, tok ei retning som var mindre kostbar enn vi først tenkte. Vi var også bevisste på at det ikkje var eit mål å bruke opp heile budsjettet.

I forretningane har det vore nok eit bra år for hotellet med gode resultat. Den låge kronekursen har hatt positiv innverknad på utanlandsk turisme, og det har vore høgt belegg store delar av året. Bakgarden blei pussa opp med nye vindauge og ny murpuss, og det har blitt sett inn lykter, planter og anna dekor.


Kaffistova hadde ei god utvikling i 2023, og dette heldt fram i 2024. Dei har likevel utfordringar med sjukefråvær og har jobba med å betre arbeidsmiljøet.

Hos Heimen Husfliden er det framleis utfordringar knytt til nedgang i varehandel og den høge eurokursen. I butikkane har dei likevel merka ein auke i utanlandske turistar.

I september blei det gjort vedtak om å fusjonere Heimen Husfliden AS inn i Bøndenes hus AS.

Bøndenes hus fullførte i 2024 målet dei har hatt om å miljøsertifisere alle selskapa i R8 og på Glasmagasinet.

Oslos ordførar Anne Lindboe delte ut diplom til miljøsertifiserte bedrifter i Oslo rådhus.  
Foto: BHAS.



Heimen Husfliden sin Instagram-konto

## 7. TILSETTE PÅ LAGSKONTORET

### **Maria Ellingsen Austbø**

Organisasjonsrådgivar. 100 % stilling, 20 % i permisjon.

### **Mari Elise Haugen**

Prosjektstilling som jubileumsansvarleg. Timesbasert med ramme på om lag 20 % stilling.

### **Magnus Kringstad**

Sportsleg leiar i Idrottslaget. 50 % stilling frå 1.8.

### **Jørjan Normann**

Ansvarleg for utleige/sal/teknikk. 50 % stilling. 2/5 av denne tida er han leigd ut til Den Mangfaldige Scenen.

### **Eirik Tanberg**

Dagleg leiar i Idrottslaget. 100 % stilling.

### **Kari Velure**

Dagleg leiar. 100 % stilling.

### **Simen Wifstad**

Administrasjon- og arrangementsansvarleg i Idrottslaget. 100 % stilling.



Dei tilsette. Oppe f.v. Kari Velure, Jørjan Normann, Magnus Kringstad, Simen Wifstad. Midten f.v. Maria E. Austbø, Eirik Tanberg. Framme: Mari E. Haugen. Foto: Hannah Hagemann.

I 2024 var Mari Elise Haugen tilsett som jubileumsansvarleg, noko som var naudsynt for å gjennomføre den ønskte planen. Jubileumsåret kravde administrativ og teknisk oppfølging langt ut over denne prosjektstillinga, og ressursane til å jobbe med andre oppgåver blei redusert.

I august blei Magnus Kringstad tilsett som sportsleg leiar i Idrottslaget. Dette er eit prøveprosjekt på eitt år, som Idrottslaget håpar å kunne forlenge.

Det har ikkje vore ulykker eller skadetilfelle i 2024. Sjukefråværet er lågt. Laget er medlem i Virke og er som arbeidsgivar bunde av «Landsoverenskomst for virksomheter».

## 8. VALDE OMBOD I OG FOR BUL

### Lagsstyret 2024/2025

Leiar	Astrid Marie Grov
Nestleiar	Anne Cathrine Johansen
Styremedlem	Mari Lundevall
Styremedlem	Kjetil Aasen
Styremedlem	Sigvart Hansen Eggen
1. varamedlem	Audun Grüner-Hegge
2. varamedlem	Steinar Hernes
3. varamedlem	Ivan Kristoffer Nilsen



F.v. Audun Grüner-Hegge, Mari Lundevall, Astrid Marie Grov, Anne Cathrine Johansen, Kjetil Aasen og Sigvart Hansen Eggen.

I 2024 takka vi av Terje Svindseth som leiar etter 10 samanhengande år. Astrid Marie Grov tok over stafettpinnen. Det blei vedtatt styrehonorar på årsmøtet. Lagsstyret har hatt 8 møte i 2024 og handsama 95 saker. Leiaren eller nestleiaren har leia møta.

### Særlagsstyra 24/25

#### Songlaget:

Leiar: Karianne Johansen  
Ole Johan Hildre  
Synnøve Berstad  
Marit Buset  
Sara-Elisabeth Smith-Ånesland  
Angeliki Zisi (vara)  
Guro Smedshaug Berge (vara)  
Nina Haug-Johansen (vara)

#### Leikarringen:

Leiar: Torbjørn Bergwitz Lauen  
Elise Birgitte H. Thomassen  
Ane Margrete Valseth  
Ragnhild M. Holen  
Vebjørn F. Jøtun  
Nikolai Storevik (vara)  
Ingeborg B. Revheim (vara)

### Rådet 24/25

Ordførar: Kari Bjørke  
Sveinung Lindaas  
Sveinung Helgheim  
Vivian Brattsti Sørensen  
Vidar Lund  
Vigdis Rønning  
Elise H. Thomassen  
Karianne Johansen  
Håvard Thorsby (vara)  
Magnhild Kaasin (vara)

#### Idrottslaget:

Leiar: Marius Schneider  
Hilde Abelvik Osnes  
Angelica Okparaebø  
Geir Vaage  
Jill Olsen  
Kenneth Baranyi Eriksen (vara)  
Thomas Patey (vara)

#### Teaterlaget:

Leiar: Endre Isachsen Flatmo  
Lena Reksnes Sanne  
Silje Dahl  
Heidi G. Einarsrud (utfyllingsval for Heidrun Sølna Øverby)  
Håvard Thorsby  
Sunniva Vikøren (vara)  
Eileen Røsholt (vara)

#### Bunadnemnda:

Sigrid Kjøbli  
Åse Holen  
Anne Cathrine Johansen

#### Målnevnda:

Håvard Tangen  
Marie Nicolaisen  
Olav-Johan Øye

Særlaget har hatt regelmessige styremøte gjennom heile året, ofte på møterommet på Lagskontoret.

Den 16. oktober hadde vi leiarmøte der alle leiarane frå særlaget og hyttestyra var inviterte. Her snakka vi om budsjett og framtida til hyttene, som står i langtidsplanen.

Rådet har hatt fire vanlege møte i 2024, og blei i tillegg også kalla inn til omfram generalforsamling i Bøndenes hus i september.

## Valde ombod for Bondeungdomslaget i Oslo

### **Landsmøtet i Noregs Ungdomslag**

Astri Andrea Bjerkem, Nina Losnedahl og Maissenc Bennour-Ferrari.

### **Årsmøtet i Bygdelagssamskipnaden**

Terje Svindseth, Olav Kårevik, Arne Nordvi og Vigdis Rønning.

### **Årsmøtet i Dag og Tid**

Håvard Tangen, Terje Svindseth og Vigdis Rønning.

### **Årsmøtet i Det Norske Teatret**

Olav Kårevik, Terje Svindseth, Vigdis Rønning, Vivian Brattsti Sørensen, Kari Aniksdal, Kari Bjørke, Anne Cathrine Johansen, Rune Bergwitz og Astrid M. Grov.

### **Landsmøtet i Noregs Mållag**

Fredrik Hope



Landsmøte Noregs Mållag 19.-21. april. Foto: Noregs Mållag (Facebook)

## BUL-medlemmar valde til verv i nærskyldde organisasjonar

Anne Farseth, president i **Norges Friidrettsforbund**

Håvard Hasås, styreleiar i **Bislett Alliansen**

Hilde Osnes, nestleiar i **Oslo friidrettskrets**

Torbjørn Bergwitz Lauen, Leiar i **Noregs Ungdomslag**

Terje Svindseth, organisatorisk nestleiar i **Noregs Ungdomslag**

Kjetil Aasen, rådsleiar i Målpolitisk råd i **Det Norske Teatret**

og styremedlem i **Noregs Mållag**



*Hurra för  
BUL*

125 år



TEATERLAGET  
I BONDEUNGDOMSLAGET X OSLO X

